

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/8481-1

Høyring om nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar

Høyringsvaret frå fylkesrådet for eldre vert utforma i møte 24. november

Vedlegg:
Høyringsnotat

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om etablering av ei nasjonal ordning for oppbevaring av pasientjournalar ved overdragelse og opphøyr av verksemd. Ordninga gjeld for dei tilfella der det ikkje er aktuelt å overføre pasientjournalane til anna helsepersonell eller anna verksemd i henhold til pasientjournalforskrifta §15. Det vert foreslått ei plikt til å avlevere journalane til den nasjonale ordninga i desse tilfella. I dag vert desse journalane overført til fylkesmannen etter journalforskrifta §15 fjerde ledd.

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår at Helsedirektoratet er databehandlingsansvarleg for den nasjonale ordninga. Departementet ser for seg at direktoratet inngår avtale med Norsk helsearkiv om den praktiske gjennomføringa av ordninga.

Frist for å sende inn høyrings svar er 19. desember 2016.